

# Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

## Møteinnkalling

|            |                 |
|------------|-----------------|
| Møtested:  | Møterom 2       |
| Dato:      | 15.02.2016      |
| Tidspunkt: | Kl. 8.30        |
| Møtenr:    | <b>1 / 2016</b> |

### Til behandling:

| Sak nr               | Sakstittel                                                                                 |
|----------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|
| <a href="#">1/16</a> | Godkjenning av protokoll frå møtet 16 november 2015                                        |
| <a href="#">2/16</a> | Presentasjon av overordna analyse/orientering om forvaltningsrevisjon                      |
| <a href="#">3/16</a> | Orientering frå revisor om status på forvaltningsrevisjonen Skulemiljøet i Bjerkreim       |
| <a href="#">4/16</a> | Møte med politiske leiarar i samanheng med utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon |
| <a href="#">5/16</a> | Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn for heile 2015                                       |
| <a href="#">6/16</a> | Kontrollutvalet si årsmelding for 2015                                                     |
| <a href="#">7/16</a> | Statusoversikt - februar 2016                                                              |

### Referatsaker/[meldingar](#)

| Periode: |             | 16.11.2015 - 15.02.2016                                                 |
|----------|-------------|-------------------------------------------------------------------------|
| Nr.      | Arkivsak    | Referatsakstittel                                                       |
| 1/16     | 13/00055-37 | Melding om vedtak - Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2015       |
| 2/16     | 13/00318-16 | Melding om vedtak - Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Økonomistyring |
| 3/16     | 14/00005-12 | Melding om vedtak - Selskapskontroll - Dalane Miljøverk IKS             |
| 4/16     | 14/00042-9  | Melding om vedtak - Selskapskontroll - Lyse Energi AS                   |

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Bjerkreim, 08.02.2016

Magne Vaule  
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

[Kontaktinformasjon](#)

## **1/16 Godkjenning av protokoll frå møtet 16 november 2015**

Arkivsak-dok. 16/00154-1  
Arkivkode. 033  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 1/16  |

Protokollen frå møtet den 1.desember 2015 vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Finnøy godkjenner protokollen frå møte den 1.desember 2015.

SANDNES, 05.01.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Protokoll Kontrollutvalet i Bjerkreim 16.11.2015](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **2/16 Presentasjon av overordna analyse/orientering om forvaltningsrevisjon**

Arkivsak-dok. 16/00162-2  
 Arkivkode. 144  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 2/16  |

### **Bakgrunn**

Som et ledd i utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon, skal det utarbeidas ein overordna analyse. Den overordna analysen skal gi risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunens verksemd, for å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike sektorane og verksemdene. Analysen vart bestilt frå revisor av tidlegare kontrollutval. Revisor vil saman med presentasjon av overordna analyse og ha ein gjennomgang av temaet «forvaltningsrevisjon».

### **Saksutgreiing**

Revisor vil i dette møtet presentere den overordna analysen av Bjerkreim kommune. Vidare vert det og gitt ei innføring i kva forvaltningsrevisjon inneber.

Hensikta med den overordna analysen er å få fram relevant informasjon om kommunen sine verksemdsområder, for å gjere det mogleg for kontrollutvalet å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon. Lovgjevar krev at den overordna analysen skal baserast på ei vurdering av risiko og vesentlegheit.

- Med risiko meiner ein i denne samanhengen faren for at det kan førekome avvik frå regelverk, mål vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko må vurderast for kvart einskilt tenesteområde i kommunen. Analysen skal difor vere med på å avdekke manglar og svakheiter som kan føre til slike avvik.
- For å prioritere mellom dei områda i kommunen kor det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet vurdere kor vesentlege desse områda er. Dette er ei vurdering som byggjer på skjønn, kor ein set dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjer kva områder utvalet meiner er mest vesentlege å vurdere.

I tillegg til den overordna analysen vil kontrollutvalet gjere eit arbeid med å innhente forslag til aktuelle prosjekter frå kommunen si politisk leiing, administrasjon, revisor, sekretariat og i tillegg kome med egne forslag. Alle desse forslaga må så vurderast på same måten. Ut frå desse vurderingane vil utvalet sitje igjen med dei prosjekta som dei vel prioritere i den endelege planen for forvaltningsrevisjon som dei skal utarbeide.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor si gjennomgang til orientering.

SANDNES, 05.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Overordna analyse - Bjerkreim 2016](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

### **3/16 Orientering frå revisor om status på forvaltningsrevisjonen Skulemiljøet i Bjerkreim**

Arkivsak-dok. 13/00301-50  
Arkivkode. 217  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 3/16  |

Revisor vil orientere om kva funn dei har gjort i så langt i prosessen.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor si utgreiing til orientering.

SANDNES, 03.11.2015

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **4/16 Møte med politiske leiarar i samanheng med utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon**

Arkivsak-dok. 16/00162-4  
 Arkivkode. 144  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 4/16  |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet vedtok på førre møte at dei skulle ta stilling til kva informasjon som skal sendast ut til det politiske miljøet saman med invitasjon til å komme med innspel til Plan for forvaltningsrevisjon. I tillegg må kontrollutvalet òg ta stilling til korleis eit evt. møte for å få slike innspel skal gå føre.

### **Saksutgreiing**

Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, vil det vere viktig at representantar herfrå får komme med innspel til prosjekter som kan vere ynskeleg å ta med/prioritere i den komande planen. Det er likevel kontrollutvalet sjølv som har ansvar for den endelege prioriteringa med utgangspunkt i den overordna analysen når prosjekter skal prioriterast.

Sekretariatet legg opp til at gruppeleiarane og leiarar av hovudutvala vert invitert til ein diskusjon i kontrollutvalet der dei kan komme med innspel til prosjekter som dei måtte synest er aktuelle. Ordfører/varaordfører bør òg inviterast. Det vil vere mest aktuelt å leggje dette møtet i forkant av eit kommunestyremøte, då alle dei planlegg og snakka med vil vere tilstade. Aktuelle datoar er 20. april og 25. mai. Sidan kommunestyremøta startar kl. 19.00, er det naturleg at kontrollutvalet inviterer til møte kl. 17.30.

Det vert og lagt fram forslag til dokumenter (sjå vedlegg) som kan sendas ut som informasjon til politikarane- i tillegg til den overordna analysen.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim inviterer gruppeleiarane, hovudutvalsleiarar, ordførar og varaordførar til møte med kontrollutvalet til møte i forkant av eit kommunestyremøte . Målet med møtet er at kontrollutvalet ynskjer å få innspel til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekter i den komande perioden.

Sekretariatet kallar inn avtalt møte. Som vedlegg til invitasjonen vert det lagd ved informasjon om forvaltningsrevisjon og overordna analyse.

SANDNES, 08.02.2016

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Forvaltningsrevisjon](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

## **5/16 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn for heile 2015**

Arkivsak-dok. 16/00171-3  
 Arkivkode. 212  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 5/16  |

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har iflg. Forskrift for kontrollutvalg § 18 ansvar for å leggja fram forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Det medfører at utvalet òg har eit oppfølgingsansvar knytt til kontrollutvalets rekneskap.

### **Saksutgreiing:**

Rekneskapet er delt inn i 3 delar: Utgifter knytt til kontrollutvalet sjølv, utgifter til sekretariat og utgifter til revisjon.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet, er det her eit lite mindreforbruk totalt sett, sjølv om det er eit par poster med meirforbruk.

Når det gjeld utgifter til sekretariat er det eit mindreforbruk som skuldast at selskapet i år har betalt tilbake tidlegare årsoverskot. Differansen mellom kommunen sin rekneskap og tala frå selskapet, skuldast feilføring av meirverdiavgift.

Når det gjeld utgifter til revisjon er det og eit mindreforbruk sett opp mot kommunestyret sitt vedtekne budsjett. Differansen mellom rekneskapen og tala frå selskapet, stemmer med fakturaen for desember. Denne var ikkje førd då me fekk tala, men me reknar med at den er med i den endeleg rekneskap.

Samla sett viser kommunerekneskapen for 2015 at kontrollutvalet har eit mindreforbruk på ca 17,2 %.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over årsrekneskapet for kontrollutvalets budsjett for 2015 til orientering.

SANDNES, 07.01.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Regnskapsoversikt pr. 31.12.2015](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*



**6/16 Kontrollutvalet si årsmelding for 2015**

Arkivsak-dok. 16/00159-2  
 Arkivkode. 033  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 6/16  |

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Rapporteringa skjer dels løpande, ved at rapportar m.m. vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjeld oppfølging av rapportar. I tillegg til dette lagar kontrollutvalet årsmelding og årsplan, som òg inngår i rapporteringa til kommunestyret.

**Saksutgreiing**

I årsmeldinga som no ligg føre, vert kontrollutvalet sitt arbeid i 2015 oppsummert.

Årsmeldinga gjer oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med når det gjeld:

- Løpande tilsyn med kommune si forvaltning
- Oppfølging i høve til revisjon, kommunen sine rekneskaper
- Forvaltningsrevisjon
- Selskapskontrollar
- Kontrollutvalet sitt budsjett for 2016 og oppfølging av rekneskap for 2015
- Andre oppgåver

Som det går fram av årsmeldinga har kontrollutvalet i det alt vesentligaste nådd dei måla som vart sett i årsplanen for 2015.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtek framlagd årsmelding for 2015.](#)

[Årsmeldinga vert oversend kommunestyret til orientering.](#)

SANDNES, 05.01.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsmelding 2015](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**7/16 Statusoversikt - februar 2016**

Arkivsak-dok. 16/00290-2  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 15.02.2016 | 7/16  |

**Bakgrunn**

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går over fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

**Saksutgreiing**

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2014. Om dette let seg gjere, avhenger av revisjonen sin kapasitet.

Endringar til dette møtet:

- Overordna analyse er levert og vert presentert i dette møte
- Saker som er avslutta i førre periode er tekne ut av oversikta

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikta februar 2016 til orientering.**

SANDNES, 25.01.2016

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt over kontrollutvalet sine saker - februar 2016](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **Referat- /meldingssaker**

1/16 [Melding om vedtak - Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2015](#)

Arkivsak-dok. 13/00055-37  
Arkivkode. 033

2/16 [Melding om vedtak - Oppfølging av forvaltningsrevisjon - Økonomistyring](#)

Arkivsak-dok. 13/00318-16  
Arkivkode. 217

3/16 [Melding om vedtak - Selskapskontroll - Dalane Miljøverk IKS](#)

Arkivsak-dok. 14/00005-12  
Arkivkode. 217

4/16 [Melding om vedtak - Selskapskontroll - Lyse Energi AS](#)

Arkivsak-dok. 14/00042-9  
Arkivkode. 217

[Saksliste](#)